



MØTEPROTOKOLL

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Gulating hotell, Eivindvik
Møtedato	21. - 22.06.2017
Kl.	21.06. kl 11.00 – 22.06. kl 16.00

Faste medlemmer til stades:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar
Jakob Andre Sandal, SV, nestleiar
Erlend Haugen Herstad, Sp
Anne Lilleaasen, H
Jon Olav Kvamme, KrF

Forfall til møtet:

Hilmar Høl, Ap
Marita Aarvik, Frp (deltok på synfaringane dag 1)
Torbjørn Vereide, Ap (ikkje meldt forfall)
Aleksander Øren Heen, Sp (ikkje meldt forfall)

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Jan Heggheim
Ass, fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Marie Helene Hollevik Brandsdal var innkalla som vara og takka ja, men melde seinare forfall. Torbjørn Vereide og Aleksander Øren Heen hadde ikkje meldt forfall. Leiaren presiserer at alle forfall skal meldast utvalssekretæren, jmf. møteinnkallinga.

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteprotokoll frå 30.05.2017 vart godkjend utan merknader.

Orientering og synfaringar 21. juni:

- Høyanger kommune / sørsida ved Geir Helge Østerbø, kommunikasjon- og samfunnskontakt ved Osland Havbruk AS og varaordførar Kristin Sagerøy Råsberg. Orientering om utbygginga av Østerbø kraftverk.
- Osland Havbruk AS ved dagleg leiar Erik Osland.
- Sogn Aqua - kveiteoppdrett ved dagleg leiar Jan Brekke.
- Østerbø Maskin AS ved dagleg leiar Steinar Holen.
- Fjord Invest Såkorn ved Roger Flølo og Thomas Berge.
- Gulen kommune ved ordførar Hallvard Oppedal.
- Tusenårsstaden Gulatinget og Krossteigen i Eivindvik ved Anne Hopland.

Orientering og synfaringar 22. juni:

- Sløvåg og Wergeland-gruppa ved konsernsjef Irene Wergeland.
- Skipavika Næringspark AS ved dagleg leiar Lars Hellandsjø.
- Tredrivarprosjektet og Woodinvest AS ved rådgjevar Ingunn Kjelstad.

**SAK 40/17 Skriv og meldingar - hovudutval for næring og kultur
22.06.2017**

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

1. Arkeologiske undersøkingar - lovverk og kostnadsdekking
2. EU-prosjekt Rural touring
3. Rullering handlingsprogram for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 - 2019
4. Kulturmidlar 2017 - administrative vedtak
- 4a. Kulturmidlar 2017 - tilskot til drift
- 4b. Kulturmidlar 2017 - Festivalar - vurderingar
- 4c. Kulturmidlar 2017 - Arrangørar
- 4d. Kulturmidlar 2017 - Tilskot til prosjekt og tiltak - vurderingar
5. Stiftinga musea i Sogn og Fjordane – årsmelding 2016
6. Førdefestivalen 5. – 9. juli 2017– program

Muntleg orientering ved fylkesdirektøren:

Avtale om eit nytt finansieringsfartøy, drifta av Marine Harvest.
Garantiana – Garantianafeltet – program for konsekvensutgreiing ut på høyring
Nye graveforskrifter for breiband / fiber
Møte i styringsgruppa for regional plan for kultur 20.06.17
Regional plan for kultur – utarbeiding av planprogram
DKS-tilbodet 2017/18

SAK 41/17 Kulturmidlar 2017 - utviklingstiltak

VEDTAK:

1. Det vert løyvd kulturmidlar til følgjande nye utviklingstiltak i 2017:

Tittel på prosjekt	Søklar	Tilråding
Rom for ord	Førde kommune	100 000
Produksjon av framsyninga Fugløya	Henriette Harbitz	35 000
"TELEGRAFEN"	Fredrik Høstaker	50 000
"The Yellow Wallpaper"	Jeff Pedersen	50 000
Regional plan for kultur, utarbeiding	intern	100 000
Sum		Kr 335 000

2. Det vert løyvd midlar i 2017 til følgjande utviklingstiltak som også fekk midlar i 2016:

Tittel på prosjekt	Søklar	Tilråding
Ambassade for Kjartanistan i Naustdal	Naustdal kommune	200 000
Vidareføring Filt for flukt år 2/3	OFFFROM STUDIO AS	75 000
Sum		Kr 275 000

3. Det vert løyvd midlar til følgjande utviklingsavtalar i 2017:

Tittel på prosjekt	Søklar	Tilråding
Utviklingsavtale	Sogn og Fjordane ungdomslag	150 000
Utviklingsavtale	Gloppen Musikkfest	240 000
Utviklingsavtale Ein god idrettskommune Framtidas idrett i Sogn og Fjordane Grenselause idrettsdagar NFF – folkehelseiltak NSF - Ski i skulen	Sogn og Fjordane idrettskrins	200 000 240 000
Sum		Kr 830 000

4. Det vert ikkje løyvd kulturmidlar utviklingstiltak 2017 til:

Tiltak:	Søklar:
Laurdagsskulen	Norsk kulturskuleråd
Rekonstruksjon og kopiering av Hovemadonnaen, Hove steinkyrkje	Komité v/ Kari Wiken Sunde

5. Kr 1 200 000 vert dekkja av teneste 4005 til disposisjon for hovudutval for næring og kultur. Kr 240 000 vert dekkja av teneste 4802 folkehelseprogrammet.

6. Vilkår for utbetaling av tilskot er at tiltaket vert gjennomført som søkt om. Godkjende planar, rapportar og rekneskap som gjeld det einskilde tiltak vert lagt fram, og at vilkår elles knytt til løyvinga er oppfylt.

SAK 42/17 Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg 2017 - fullmakt til fordeling av tilskot

VEDTAK:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele tilskotet til lokale kulturbygg ut frå følgjande kriterier:
 - a) Lokale arenaer (grendehus, forsamlingshus, ungdomshus) som inneheld kulturaktivitetar vert prioritert.
 - b) Kommunale prioriteringar vert følgde så langt som råd og tilskot vert fordelt til tiltak i flest mogeleg av kommunane.
2. Det vert sett av minimum 100 000 kr til ev. klagehandsaming.
3. Fordelinga vert referert for hovudutvalet i septembermøtet.

SAK 43/17 Statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 79 Verdsarv fordeling av tilskot

VEDTAK:

1. Inntil kr. 210 000 vert tildelt istandsetjinga av Edling-Hans-stova i Aurland kommune. Midlane vert henta frå fyljande tilbaketrekte tilskot:
 - a. Våningshus i Hatlelidgarden kr. 10 000 (tildelt i 2011)
 - b. Løe på Solbakken kr. 200 000 (tildelt i 2014)
2. Dersom fylkeskommunen får auka tilskot til tiltak i verdsarvområdet frå post 79 vert desse midlane løyvd som tilleggsløyving til Hansaløa i Undredal. 10% av eit ev auka tilskot vert sett av til restaureringsleiar.
3. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruk av dei løyvde tilskota.

SAK 44/17 Regionale utviklingsmidlar 2017 - fordeling 2

VEDTAK:

1. Det Kongelige Selskap for Norges Vel får avslag på søknad om støtte til Economusee i Balestrand.
2. Filmselskapet Adelia får avslag på søknad om støtte til TV-serie om gründerar i Sogn og Fjordane.
3. NCE får tilskot på kr 70 000 til prosjektet "Heilskapleg reiselivsprodukt innan arkitektur og museum"
4. Maritim Foreining Sogn og Fjordane får tilskot på kr 225 000 til gjennomføring av søknadsprosess for Arena-prosjekt knytt til hydrogen.
5. Framtidsfylket AS får kr 300 000 til gjennomføring av innsiktsfasen i Omdømmeprojekt for Sogn og Fjordane
6. Tilskota vert finansiert slik:
 - a. Tilskotet til NCE vert dekkja med midlar i næring og kultur sitt budsjett for 2017, tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar, midlar sett av til NCE Tourism.
 - b. Tilskotet til Hydrogen Region Sogn og Fjordane vert dekkja midlar i næring og kultur sitt budsjett for 2017, tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar, midlar sett av til industri.
 - c. Tilskotet til Framtidsfylket vert dekkja med disponible restmidlar frå tidlegare år.
7. Fylkesdirektøren set nærare vilkår i eigne tilskotsbrev.